



Møre og Romsdal
fylkeskommune

SAKSFRAMLEGG

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
8.3.2014	2015/2932	Morten Larsen

Saksnr 5/15	Utval Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i tannhelsesektoren	Møtedato 24.3.2015
------------------------------	---	------------------------------

ÅRSRAPPORT 2014 FOR SAMARBEIDS- OG ARBEIDSMILJØUTVALET FOR TANNHELSETENESTA

Bakgrunn

Utvalet dekkjer både funksjonen som kombinert samarbeids/arbeidsmiljøutval, jf. Hovudavtalen for kommunal sektor og Arbeidsmiljølova, og funksjonen som partssamansett utval, jf. Hovudavtalen for kommunal sektor.

Tidlegare inneheldt Hovudavtalen detaljerte rettleiingar for kva saksfeltsom skulle handsamast i administrasjonsutval og partsamansette utval. Dette er teke bort frå avtalen no, og avtaleteksten er i større grad intensjonal.

Oppgåver og føremål

Etter Hovudavtalen del B §4 skal samarbeidsutvala foreslå og behandle:

- overordna retningslinjer for personalpolitikken, herunder likestilling og inkluderande arbeidsliv.

Etter Hovudavtalen §§ 3 og 4 skal samarbeidsutvala drøfte m.a.

- kvalitets-,fornyings-og utviklingstiltak
- oppfølging og implementeringav nasjonalt vedtekne reformer

Samarbeidsutvalet sine oppgåver innan arbeidsmiljøet er vidare spesifisert i arbeidsmiljølova § 7-2.

Sektorretta eller lokale retningslinjer m.v. kan ikkje vere i strid med overordna retningslinjer fastsett av fylkesutval eller fylkesting, eller av fylkesrådmannen etter delegert fullmakt.

Sammensetning av utvalet i 2014

<i>Medlem</i>	<i>Varamedlem</i>
<u>Arbeidsgivarsida</u>	
Anthony N. Valen	Morten Larsen
Tone Nord	Are K. Hjeltnes
Gunnar Eikrem	Bjørn Eggen

<u>Arbeidstakarsida</u>	
Laila Aas Dyrøy (Parat)	Grete Gussiås
Sølvi Hanssen (Delta)	Marianne S. Rudi
Hege Myklebust Vartdal (NTF)	Folkert Seetzen

1 representant for bedriftsehelsestena (Stamina Helse) og 1 representant for NAV Arbeidslivssenter er invitert til alle møta.

Laila Aas Dyrøy har vore leiar av utvalet i 2014. Utvalet har hatt 4 møte og behandla 33 saker.

Administrasjonen har sekretariatsansvar for utvalet og førebur saker skriftleg med framlegg til vedtak. Sekretariatet samordnar og førebur utvalet sine møte.

Saker behandla i 2014

Møte 31.03.2014

SAMU-T-01/14	Val av leiar og nestleiar for SAMU-T 2014
SAMU-T-02/14	Årsrapport 2013 for Den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal
SAMU-T-03/14	HMS-årsrapport 2013, inkl. sjukefråversutvikling
SAMU-T-04/14	Sjukefråversutvikling 4. kvartal 2013
SAMU-T-05/14	Årsrapport 2013 for SAMU-T
SAMU-T-06/14	Oppfølging av hørselstestar
SAMU-T-07/14	Orientering - oppfølging av MTM-undersøkinga
SAMU-T-08/14	Orientering - planar for kompetanseklinikk i Ålesund og gjennomført studietur 24. og 25. mars
SAMU-T-09/14	Orientering - TOO-prosjektet, med etablering av kompetanseteam for tilrettelagt tannhelsetilbod for menneske som er utsett for tortur, overgrep eller har odontofobi
SAMU-T-10/14	Orientering - etablering av odontologisk kompetanseklinikk i Trondheim under TkMN
SAMU-T-11/14	Orientering - tannhelsesekretærutdanning for vaksne
SAMU-T-12/14	Orientering - Fylkestannlegens etatssamling 2014
SAMU-T 13/14	Orientering - den økonomiske situasjonen i tannhelsetjenesten
SAMU-T 14/14	Orientering - rekrutteringssituasjonen per mars 2014
SAMU-T 15/14	Open post

Møte 05.06.2014

SAMU-T 16/14	Orientering - ny IA-avtale (v/rådgivar Ingeborg Hiller, NAV Arbeidslivssenter)
SAMU-T 17/14	Orientering - Riskmanager, det elektroniske avviks- og forbedringssystemet (v/seniorrådgivar Martin Hauge, personalseksjonen)
SAMU-T 18/14	Orientering - HMS-systemet, gjennomgang av viktige oppdateringar og nye retningslinjer (v/seniorrådgivar Martin Hauge, personalseksjonen)
SAMU-T 19/14	Oppfølging av MTM-undersøkinga 2013 - handlingsplanar på distriktsnivå

SAMU-T 20/14	Sjuefråversutvikling 1. kvartal 2014
SAMU-T 21/14	Orientering - rekrutteringssituasjonen per juni 2014
SAMU-T 22/14	Orientering - Fylkeskommunens rammeverk for beredskap og krisehandtering - kva utfordringar har tannhelsesektoren ? (v/rådgivar Eirik Jenssen, juridisk avdeling)
SAMU-T 23/14	Open post

Telefonmøte 29.10.2014

SAMU-T 24/14	Orientering - fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett for 2015 og økonomiplan for 2015 -2018 for tannhelsetenesta
SAMU-T 25/14	Orientering - Kompetansetannklinikk Ålesund - byggeprogram og lokalisering

Møte 09.12.2014

SAMU-T 26/14	Signering av ny IA-avtale for tannhelsesektoren
SAMU-T 27/14	Sjuefråversutvikling 2. og 3. kvartal 2014
SAMU-T 28/14	Møteplan SAMU-T 2015
SAMU-T 29/14	Orientering - rekrutteringssituasjonen
SAMU-T 30/14	Orientering - nytt introduksjonsprogram (v/trainee Ingrid Walstad Larsen)
SAMU-T 31/14	Orientering - årsrapporteringsprosessen 2014
SAMU-T 32/14	Orientering - endringar i månadsoversyn
SAMU-T 33/14	Open post

Årsrapport i samsvar med arbeidsmiljøloven § 7-2

SAMU-T har plikt til å utarbeide ein årsrapport som beskriv aktivitetane siste driftsår, jf. AML § 7-2. Rapportane som blir utarbeidd skal oppbevarast i verksemda og skal kunne førevisast dersom Arbeidstilsynet ber om det.

Oversikten nedanfor viser dei elementa som inngår som krav til innhald i årsrapport i samsvar med AML § 7-2.

ÅRSRAPPORT FOR SAMU-T 2014 I SAMSVAR MED AML § 7-2	
Spørsmål om bedriftshelseteneste/verneteneste	nei
Spørsmål om arbeidsmiljøopplæring	nei
Byggjesaker, jfr. AML § 18-9	ja

Endringar i lokale og maskinutstyr m.v.	ja
Rasjonalisering, arbeidsprosessar og arbeidstidsordningar	nei
Tilrettelegging for arbeidstakarar med redusert arbeidsevne	nei
Rapport om yrkessjukdommar, arbeidsulykker og nestenulykker	ja
Rapportar om yrkeshygieniske undersøkingar og måleresultat	ja
Handlingsplanar for betring av arbeidsmiljøet og tryggleik	ja
Oppdatering og internt tilsyn med driftseininga sin internkontroll	ja
Har utvalet gjort vedtak om:	
Gransking av yrkessjukdommar, arbeidsulykker	nei
Vernetiltak/målingar/undersøkingar	ja
Møter	
Deltok bedriftshelsetenesta på møta ?	ja
Tal på møter i 2014	4

Forslag til vedtak:

SAMU-T godkjenner årsrapporten 2014 for utvalet sitt arbeid.

Anthony N. Valen
Fylkestannlege

Morten Larsen
Administrasjonsleiar